



Melding

Dato: 12.09.2016
Arkivsak: 2014/18050-21
Saksbehandlar: snowaag

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

Orientering - Områderegulering for Valestrand Sentrum, Osterøy kommune

Osterøy kommune sendte 30.06.2016 forslag til områderegulering for Valestrand sentrum på 2. gongs offentleg ettersyn. Føremålet med planen er å leggja til rette for eit meir definert sentrumsområde med forretning, kontor, næring og bustadar, for å kunne bygge opp eit tettare og levande sentrum.

Då områdeplanen for Valestrand sentrum var på 1. gongs høyring hausten 2014, gav Hordaland fylkeskommune fråsegn til områdereguleringa i brev av 28. oktober 2014. Det vart då fremja motsegn på tre punkt, som alle var knytt til kulturminne.

Då det reviderte planforslaget har blitt justert i medhald av desse motsegnspunkta, vert motsegna til områdeplanen trekt, jf. vedtakspunkt 4., jf. møte i kultur- og ressursutvalet 21.10.2014, sak nr. 141/2014:

4. Motsegna kan trekka i dersom det vert lagt fram revidert planforslag som tek omsyn til våre merknader, jf punkt 1, 2 og 3 ovenfor.

I vårt fråsegn av 28.10.2014 fremma fylkesrådmannen i tillegg fleire andre tilrådingar, som vi i stor grad finn er teke omsyn til i det reviderte planforslaget. Det har vore dialog mellom kommunen og administrasjonen i fylkeskommunen om fleire av desse tilrådingane, mellom anna i samband med synfaring gjennomført i Valestrand 10. september 2014. Kommunen har hatt ein inkluderande planprosess der ein har lagt til rette for medverknad lokalt og dialog med regionalt forvaltningsnivå.

Som eit resultat av ein open prosess og god dialog med kommunen kan vi no gje ein positiv tilslutning til forslag om områderegulering for Valestrand sentrum. Vi ser på det som positivt at Osterøy kommune legg frem eit nytt planforslag der kulturminne og kulturmiljø er godt ivaretake. Vi har stor tru på at planarbeidet legg til rette for gode kvalitetar i og rundt Valestrand sentrum.